

Else-Britt og Helge Dalland  
Stekkevikvegen 12  
5917 Rossland

Meland kommune  
Plan, utbygging og kommunalteknikk  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Rossland 11.02.2014

## **Søknad om dispensasjon frå forbod om tiltak i 100-metersbeltet mot sjø**

Søknad gjeld utlegging av flytebrygge 2x12 meter.

Plassering av omsøkt tiltak er vist på vedlegg D1 og D2.

Utbetring av kai vart godkjent i DKML sak 108/06. Etter utbetringa har me opplevd at høgdeavstanden mellom båt og kai på fjære sjø vanskeleggjer ein forsvarleg tilkomst. Til orientering har den gamle kaien vore bestemmande for nivået på den utbeta kaien.

Føremålet med det omsøkte tiltaket er å oppnå betre tilgjenge og sikra tryggleiken for brukarane.

Tiltaket vil ikkje medføra terrenginngrep eller sprengingsarbeid.

Konstruksjonen består av 2 element á 2x6 meter beståande av galvanisert stålramme med tredekke. Flytebrygge blir lagt langs eksisterande brygge som vist på vedlagt kart (vedlegg D2) og perspektivteikning (vedlegg E1).

Vennleg helsing

Else-Britt Straumøy Dalland

Helge Dalland